

09 AUG 2018

Hordaland Fylkeskommune v/Eigedomsavdelinga
Att: Jostein Fjærstad
Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato: 7. august 2018.

Nye Sotra vgs – tomteevaluering

Viser til komande sak i Hordaland Fylkeskommune om val av tomt for ny vidaregåande skule på Sotra, og rapport utarbeidd av Norconsult for dykk i høve dette.

For god ordens skuld bekreftar vi at vi tilbyr tomt 41 Bildetangen, inntil 25 mål, vederlagsfritt for etablering av ny vidaregåande skule på Sotra. Det vert teken etterhald om endelig avtale om dette og innhaldet i denne.

Vi går vidare ut i frå at dei eksisterande skulane vil bli lagt ut for sal i samsvar med vanlige rutinar for avhending av offentleg eigedom, og at vi kan kome tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

Vi ser av rapporten til Norconsult at tomt 41 Bildetangen imøtekjem alle dei absolutte krav som er sett, og kjem også godt ut av «bør krava». Tomten på Bildetangen kjem blant anna særskilt godt ut av gang- og avstandsanalysen. Ein har teke omsyn til at tomta ligg rett ved sidan av eit sterkt kollektivknutepunkt og konkluderer med at tomta gjev gode føresetnader for redusert privat transportbehov og bilbruk.

Det er likevel naudsynt for oss å kommentere nokre av vurderingane som er gjort i evalueringa. Blant anna er *Tilgjenge* svært snevert og strengt vurdert i forhold til nokre av dei andre tomtealternativa. Tomt 41 Bildetangen vil bli direkte tilkopla eit heilt nytt gang- og sykkelvegnett som vert realisert sammen med Sotrasambandet. Tilgjenge for denne lokaliseringa vil bli svært bra. Avstanden frå Bildetangen til Sartor Storsenter er omtrent som avstanden frå Nygårshøyden til enden av Torgalmenningen i Bergen.

Det viktigaste er likevel undervurderinga av *Lokal og regional utvikling*. Her står det blant anna at det ikkje er starta detaljregulering for området. Det er ikkje korrekt. Arbeidet med områdeplan for Bildetangen blei kunngjort starta opp i februar 2014 og pågår.

– Autorisert regnskapsførerfirma –

LIEGRUPPEN AS, N-5353 Straume – Telephone: (+47) 56 31 68 68 – Telefax: (+47) 56 31 68 69
Bank Acc.: 6516 05 02708 – Org.nr.: NO 978 661 289 MVA – E-post: post@liegruppen.no – www.liegruppen.no

Utviklinga av Bildetangen har vore tidsmessig knytt til etableringa av nytt Sotrasamband og framdrifta for utviklinga av området vil følgje denne framdrifta. Heldigvis er dette no ikkje særleg langt fram i tid, slik det står omtalt i vurderinga.


Slik det er fastsett i kommunedelplanen til Fjell vil utviklinga av Bildetangen støtte opp om den etablerte tettstadstrukturen. Dei vedtekne planane er i samsvar med dei utviklingsprinsipp som er fastsett i regionale planar og effektmålet for denne lokaliseringa er derfor undervurdert i rapporten frå Norconsult. Eit vedtak om lokalisering av ny vidaregåande skule på Bildetangen vil samsvare med våre planar for framdrift og realisering av dette området.

Rapporten frå Norconsult påpeikar at den nye Sotra vidaregåande skule skal tene dei regionale utdanningsbehova i vidaregåande skule 50 år fram i tid. Det er ingen lokaliseringar som kan handtere framtidige endringar i skule- og tilbodsstrukturen med skiftande utdanningsbehov, endringar i programfaga og vekst i elevtal og tilsette betre enn tomt 41 Bildetangen. Det er den tomten som er minst sårbar i høve framdrifta til Sotrasambandet, og gjev best grunnlag for etablering av ei ny kunnskapsklynge på Sotra – i ein ny bydel bygd på nye bærekraftige prinsipp og grøne mål.

Vi håper dykk tar med våre merknader og kommentarar i den vidare sakshandsaminga. Vi meiner totalvurderinga av tomt 41 Bildetangen i alle fall skulle hatt vurderinga *God måloppnåing*.

Ta gjerne kontakt for ytterligare informasjon, eller dersom noko er uklårt.

Med beste helsing



Roy-Eddy Lie
Eigedomssjef